

Styremøte i Norsk medieforskarlag (NML)

## Referat 14. september 2020

Kl. 14.00-15.00 (Zoom)

**Til stades:** Eiri Elvestad (leiar), Lisbeth Morlandstø, Marika Lüders, Magnus Hoem Iversen og Terje Skjerdal.

**Forfall:** Balder Holm og Hanne Hestvik Kleiven.

### 1. Innkalling

Godkjend.

### 2. Referat frå styremøte 21. august 2020

Godkjent.

### 3. Økonomioversikt

Magnus la fram rekneskapsoversikt for 2019. Balansen viser eit underskot på ca. 4500 kr dersom ein ser vekk frå utgifter til Norsk medietidsskrift og inndekning av underskot for konferansen i 2018. Innbetaling til Nordicom vil falla vekk frå 2020. Kontingenten til Universitetsforlaget for vedlikehald av medlemslista framstår som urimeleg høg. Dette bør opp som sak på Generalforsamlinga. GF bør få framlagd «rein» rekneskap der utgifter til Medietidsskriftet ikkje er medrekna (sidan NMT har eige budsjett).

### 4. Medieforskarkonferansen Oslo 22.-23. okt 2020

Påmeldingsskjema vil bli lagt ut med det første.

Arrangementskomiteen vurderer kva plattform som skal brukast. Det optimale er truleg ein kombinasjon av Zoom (til plenumforedrag og presentasjonar) og Teams (til deling av abstract m.m.), men innlogging på Teams frå ulike kontoar fungerer ikkje alltid så godt. Komiteen prøver ut dei tekniske løysingane med styret som prøvekaniner seinare denne veka. Deltakarane får informasjon om opplegget i god tid før konferansen.

### 5. Utdeling av prisar

Ein del nominasjonar er komne inn til dei ulike prisane, men få til artikkelprisen. Me utset fristen for denne prisen og sender ut påminning.

Terje Skjerdal (ref)